

NYHETSREV

For medlemsbedrifter i Finnøy Næringsforening

Februar 2013

Det nærmar seg årsmøte i Finnøy Næringsforening. Årsmøtedato er **torsdag 7. mars** kl. 18.00 på Utsyn Ungdomssenter. Innkalling og saksdokument vil bli sendt ut om kort tid. Rett i etterkant av årsmøte, ca. kl. 19.00 vil det bli eit inspirasjonsforedrag med **Inge Brigit Aarebakke**. Aarebakke er kjent for dei fleste.



Anita Ørnes og Skartveit Handel fekk næringsprisen i 2012.

Vi håpar på stor deltaking, både på årsmøte og på etterfølgjande foredrag.

Møte med politikarane og rådmann.

Styret har gjennomført møte med politikarar og rådmann. Møtet, som er ein årleg aktivitet vert opplevd positiv, både frå styret sin side,

Styret: Trond Spanne (leiar), Siv Flesjå (nestleiar), Lars Martin Hetland, Kjetil Dalaker, Leif Arild Steen, Kristoffer Østhus (1. vara) og Frode Hesby (2. vara). Sekretær: Heidi Skifjell i Finnøy Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)

politikarane og rådmann. På møtet dette året tok styret fleire saker, blant anna om prosess kring vidare sal av Ladsteinplata.

Næringsareal på Ladstein.

Administrasjonen ventar på meglar som er noko forsinka. Meininga var at salet skulle starte i februar, men då meklaren er forsinka, har ein no som håp at salet kan kome i gang i løpet av mars. Området vil bli lagt ut som helhet, men med ein skisse på at området kan delast opp.

Ein var samde om at så snart ein har alt på plass, vert interesserte invitert til eit opent møte der ein informerer om generell prosess rundt salet.

Proessen vidare skjer så gjennom forhandlingsutvalet i kommunen, kor ein skilte interessentar går i forhandling med forhandlingsutvalet. Til sist skal eventuelle framforhandla vedtak i utvalet opp til politisk handsaming.

Revidering av kommuneplan.

Det vil i samband med eit pågåande revideringsarbeid av samfunnsdelen i kommuneplanen, verte arrangert eit møte med næringslivet i løpet av april. På dette møtet kan næringslivet komme med innspel til planen. Vi kjem tilbake att med nærare informasjon.

Styret handsama i sist styremøte at ein neste år, inviterer også næringsaktørane med på møte med politikarane og administrasjonen.

Konferanse om Kultursponsing

Fredag 1. mars kl. 10.00-15.30 vert det arrangert konferanse om Kultursponsing på Rygjabø, i auditoriet. Det er Stiftelsen Ottohuset og Ryfylke Næringshage som står som arrangør. Frist for påmelding går ut 27. februar og styret håpar det lokale næringslivet vert representert på konferansen.

Program og påmelding: www.synligogstolt.no

Finnøy Næringsforening dekkjer deltakaravgifta for medlemsbedrifter som vil delta.



Kommer til konferansen:

Jacob Lund, finansmannen som var sponsorsjef i DNB- konsernet fra 2002-2012 kommer og vil fortelle om sine erfaringer. Med sitt velfylte sponsorbudsjett for sport og kultur i DNB vet Jacob hva han vil ha igjen for sine investeringer. Han har vunnet flere priser. Jacob er vidare kjent for utallige TV-opptredener og debatter.

Tittel på Jacob sitt foredrag : « Er lokal sponsing lønnsomt»?

Studie i Leiing og læringskultur.

I samarbeid med Utdanning i Ryfylke, arrangørar Høskolen Stord/Haugesund eit 10 studiepoeng i «Leiing og læringskultur».

Svein Helgesen, - tidlegare utdanningsdirektør i Rogaland, høgskulelektor, forskar og statssekretær-, vil ha hovudansvar for studiet. Han vil dele kunnskap og erfaring med deltakarane med bakgrunn i tet samarbeid med professor Tom Tiller om leiarutvikling i fleire kommunar, med fokus på erfaringsbasert læring.

Samarbeidet med Utdanning i Ryfylke (UIR) gjer det mogleg og følgje studiet frå Rygjabø vgs. Både Finnøy kommune og Ryfylke Næringshage er samarbeidspartnarar i UIR.

Nærare informasjon om studiet finn du på www.synligogstolt.no

Utdannings kompetansefond

Vi minner om at Finnøy Næringsforening har øyremerka midlar til kurs, -og kompetanse som medlemsbedrifter kan søkje på. Ta kontakt med Heidi Skifjell på telefon 975 02 974 for nærmare informasjon.

Vi sjåast på årsmøte☺

Helsing Styret.



Styret: Trond Spanne (leiar), Siv Flesjå (nestleiar), Lars Martin Hetland, Kjetil Dalaker, Leif Arild Steen, Kristoffer Østhus (1. vara) og Frode Hesby (2. vara). Sekretær: Heidi Skifjell i Finnøy Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)